

Haustetidsvurderingar veke 34

Måndag 19. august vart det teke haustetidsprøver av Discovery, Summerred og Gravenstein.

Discovery er hausteklar på tidlege stader denne veka. Seinare hagar kan vente til over helga og utover neste veke. Sjekk eigen hage, stiveinnhaldet og smaken på epla er det viktigaste.

Hugs på at er dei best utvikla epla i hagane haustetidsprøvane er frå. Difor er det viktig at ein plukkar i fleire omgangar når haustinga startar og at ein berre plukkar epla som er hausteklare. Dette for å halde god og jamn kvalitet på frukta som vert sendt til mottaket og vidare ut i marknaden.

Summerred har ikkje utvikla seg like raskt og ein kan vente starhausting utover neste veke.

Gravenstein har utvikla seg litt på grunnfargen, men det går sakte framover, det vil nok gå litt framover den neste veka.

Discovery

Optimalverdiar ved hausting

Grunnfarge: C3-C4

Dekkfarge: 30 %

Fastleik: 7-8 kg/cm²

Sukkerinnhald: Min 10,8 %

Stiveinnhald: 6-8

Streifindeks: 0,09-0,16

Dyrkar	K O Loen		K Kleppe		G A Vereide	
Stad	Loen		Innvik		Sandane	
Prøve nr	1		2		3	
Dato	12.08.23	19.08.2024	12.08.2024	19.08.2024	12.08.2024	19.08.2024
Fruktvekt g	146 g	144,6 g	157,9 g	154,8 g	137,1	135,7
Grunnfarge	C1-C2	C2-C3	C1-C2	C2	C1-C2	C2-C3
Fastleik	8,9	8,1	8,05	7,79	9,86	8,78
Sukker	9,94	10,53	9,81	10,06	10,56	11,11
Stive	3,35	5	3,8	5,05	2,75	5,15
Streif	0,26	0,15	0,21	0,15	0,34	0,15

Utviklinga på stiveinnhaldet har gått raskt frå førre prøve og ligg no mellom 5 og 6 på dei fleste epla. Sukkerinnhaldet ligg rett under minimum eller er på optimalnivå. Epla har framleis litt for grøn grunnfarge utifrå kva som er optimalt, men grunna den raske utviklinga og dei varme temperaturane som er meldt framover vil ein tilrå starthausting denne veka og mot helga på tidlege stader. Seinare felt kan vente til over helga og utover neste veke. Hugs at dette gjeld starthausting, begynn med epla i toppen av trea og haust i fleire omgangar.




Grunnfargen er framleis litt for grøn (C2-C3) (fargen kan variere på skjerm).





Stivnedbrytinga har gått fort den siste veka, og ein kan byrje haustinga utover denne veka mot helga.



Summerred

Optimalverdiar ved hausting

Grunnfarge: C3-C4

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 7-8 kg/cm²

Sukkerinnhald: Min 10,5 %

Stiveinnhald: 5-7

Streif-index: 0,09-0,11

Dyrkar	K O Loen		G A Vereide	
Stad	Loen		Sandane	
Prøve nr	1		2	
Dato	12.08.2024	19.08.2024	12.08.2024	19.08.2024
Fruktvekt g	120,8	129	131,6	122,4
Grunnfarge	C1	C2	C1	
Fastleik	9,73	9,15	10	9,12
Sukker	8,54	9,52	10,03	9,75
Stive	3,1	3,85	2,9	4,35
Streif	0,36	0,24	0,34	0,21

Det er framleis litt att på både grunnfarge, stive og sukker. Summerred har utvikla seg noko seinare enn Discovery den siste veka, og ein kan då rekne med starthausting utover neste veka. Det vert tatt nye prøver av Summerred måndag 26. august for å sjå om det nærmar seg.



Grunnfargen har utvikla seg noko den siste veka, men er framleis for grøn.



Det har vore utvikling i stiveinnhaldet den siste veka, men er enno litt att, og varierer mykje i feltet



Loen veke 33



Gravenstein

Optimalverdiar ved hausting

Grunnfarge: C3-C4

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 7-8 kg/cm²

Sukkerinnhald: Min 10,8 %

Stiveinnhald: 5-7

Streif-index: 0,08-0,16

Dyrkar	K O Loen	
Stad	Loen	
Prøve nr	1	
Dato	12.08.2024	19.08.2024
Fruktvekt g	194,7	159,7
Grunnfarge	C1-C2	C1-C2
Fastleik	9,6	9,2
Sukker	8,85	9,25
Stive	1,3	1,9
Streif	0,57	0,52

Det har ikkje skjedd mykje den siste veka. Gravenstein har litt auka sukkerinnhald og stiveinnhaldet har minka ørlite, grunnfargen er framleis C1-C2.



Helsing Synneve Øien Frøyen,
Rådgjevar frukt og bær NLR SA